


ISFLAKET



Kjære lesar.

I dette nummeret av "Isflaket" har vi spreitt oss over eit enormt geografisk område. Dette i og med at våre hovedartikler tek for seg historiske hendingar både i Arktis og i Antarktis.

Magnus Sefland sin artikkel omhandlar eit tema som vi har hatt stoff om tidlegare, nemleg sunnmøringar på Nordaust-Grønland og tek for seg ei historisk epoke heilt frå byrjinga av 1900-talet og fram til våre dagar.

Jostein Hovland sin artikkel omhandlar eit hundreårsminne frå dei sørlege breiddegrader og då knytte til Otto Nordenskjöld sin Antartic-ekspedisjon frå 1901-1903.

Begge artikkane er svært interessante, og vi takker forfattarane for det arbeid dei har lagt ned. Elles har vi litt av kvart som er retta mot drifta av Ishavsmuseet og arrangement som er i kjømda.

Vi i redaksjonen håper at innhaldet fell i smak, og at alle som har stoff på lur som dei vil dele med andre tek kontakt.

Vi ynskjer alle våre lesarar ein god sommar!

Andreas Ringstad
-redaktør-

GRILLKVELD PÅ ISHAVSMUSEET.

Fredag 20. juni kl. 18.00

I ÅR UTVIDAR VI MENYEN SLIK AT DET I TILLEGG
TIL SELKJØT, OGSÅ BLIR KOTELETTAR OG PØLSER.

Vi håper mange tek turen til ein flott kveld på museet.

Underhaldning ved Hakapikane.

Styret i Ishavsmuseets Venner:

Johan Ole Brandal - formann, Greta Kirkebø – nestformann, Tor Riise – sekretær,

Hans Petter Brandal, Leif Kristian Brandal, Brit Eilertsen, Ottar M. Brandal.

Isflaket: Andreas Ringstad, Finn Sindre Eliassen og Webjørn Landmark

Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

Kjære museumsven

Redaksjonen for "Isflaket" arbeider jamt og trutt, og har no gjort ferdig blad nr 2 for året. I denne utgåva har vi også lagt ved innbetalingsgiro for medlemskontingent for året. Vi vonar at mange synes at det vi held på med er verdt kontingenten, og at vi klarer å behalde våre tidligare medlemmar, samt rekruttere nye medlemmer. Foreininga er heilt avhengige av di støtte, dersom vi skal nå våre mål, og utvikle oss vidare.

I mars månad hadde vi årsmøtet i venneforeininga, der mellom 30 og 40 medlemmer møtte fram. Styret for foreininga ser slik ut etter årsmøtet:

Leiar Johan Ole Brandal, nestleiar Greta Kirkebø, Kasserar Tor Riise, Styremedlem Hans Peter Brandal og Leif Kristian Brandal. Varamenn er Ottar Brandal og Oddfrid Kleppe.

Redaksjonen for "Isflaket": Redaktør Andreas Ringstad, Finn Sindre Eliassen og Webjørn Landmark.

Vi skal i år arrangere vår årlige grillkveld den 20 juni.

Då tek vi sikte på å servere selkjøt som vanlig, i tillegg blir det også tillaga kotelettar, og vonar med dette at menyen blir oppfatta som meir attraktiv for eit breiare publikum enn tidligare. Vi håper på godt ver og godt frammøte.

Også i år blir det lotteri, der premien blir eit vekescruice for 2 med M/S Polar Star, på Svalbard.

Trekning av dette lotteriet blir i midten av juli månad. Vi takkar Karlsen Shipping for gåva.

Oleif Eiken er i gong med innsamling av pengar til ein planlagd skulptur over "Ishavskonene", i våre bygder.

Mange miste mann og søner på det farefulle Ishavet og vi er glade for at Oleif har teke på seg arbeidet med å reise eit verdig mennesmerke over desse sterke kvinnene.

Skulpturen er tenkt plassert på austsida av museet, vendt mot Kvitneset, og vil bli ein flott tilvekst til samlingane.

Vi ynskjer Oleif lukke til med innsamlinga.

Vi har også fleire dugnadsprosjekt på trappene utover våren. Det er pussing av Aarvak, og oppsetting av steinkant mellom parkeringsplass og blomsterrabatt. Det gamle "verkstedet" treng også rydding og vidare tillaging. Vi vonar mange har anledning til å delta på dugnadane, som vil vere på tysdagar og torsdagar frametter våren og sumaren.

Vi ynskjer alle våre lesarar ein god sumar.

Brandal 14.05.03

Johan Ole Brandal

Leiar i Ishavsmuseets Venner

Steinhytta i Håpets Vik på 63,25°S – et hundreårsminne av ei dramatisk overvintring i Antarktis

Av Jostein Hovland

Ivar Ytreland skreiv i **ISFLAKET** sitt julenummer 2002 om den store lavina som nesten hadde knust stasjonen i Antartichavn på Austgrønland til pinneved. Den stasjonen var i si tid en viktig base både for grønlandsekspedisjoner og for nordmenn som forsøkte å etablere drivverdige fangststasjoner i det området.

Stimbarken "Antarctic" som ga plassen navn var et velkjent forskningsfartøy i "gamletida". Skuta var med på fleire strabasiose og viktige forskningsreiser før ho blei knust av isen og forliste i Sørishavet den 12 februar 1903 – et forlis som lett kunne ha fått skjebnesvangre følger for en heil ekspedisjon .

Skuta fikk navnet "Cap Nor" ved sjøsettingen 1871 i Drammen. 20 år seinere og med det nye navnet "Antarctic" sendte Svend Foyn skuta med H.J. Bull som leder på ekspedisjon til Rosshavet 1894 – 1895. Dette var en viktig ekspedisjon for den norske hvalfangsten i Sørishavet. Det var dessuten på den turen at Bull sammen med kaptein Kristensen og Borchgrevink gjorde den første landstigningen ved Kapp Adare på det antarktiske kontinentet.

"Antarctic" blei solgt til Sverige i 1897 og A.G. Nathorst brukte skuta deretter på to ekspedisjoner: til Spitsbergen 1898 og til Austgrønland 1899. Det var på grønlandsturen at Antartichavn fikk sitt navn.

Deretter fikk skuta ennå en gang ny eier – den blei dansk og Amdrup brukte "Antarctic" på sin ekspedisjon til Austgrønland 1900. Etter Amdrups grønlandstur bytte "Antarctic" for fjerde og siste gang eier – den blei ennå en gang svensk.

Svenskene brukte først "Antarctic" på en gradmålingsekspedisjon til Spitsbergen 1901. Samme år gikk så skuta sørover på sin siste tur som blei så dramatisk for alle som var med. På denne turen var "Antarctic" ekspedisjonsfartøy for Otto Nordenskjölds antarktisekspedisjon 1901 – 1903 . Ekspedisjonen gikk til den langsmale delen av det antarktiske kontinentet som strekker seg nordover mot Eldlandet. Denne delen av kontinentet betegnes ofte med fellesnavnet Grahams land.

Otto Nordenskjöld var på den tida dosent i mineralogi og geologi i Uppsala. Han fikk nok sin store interesse for Antarktis da han noen år tidligere, 1895-97 var leder for den første svenske ekspedisjonen til Eldlandet. Avstanden i luftlinje mellom Grahams Land og Eldlandet er rundt regnet ca 1200 km og med tanke på de meget interessante oppdagelser som svenskene gjorde på den ekspedisjonen, var det ganske naturlig å bli interessert av det som kunne finnes sør for Drakes sund.

Som kaptein til denne strabasiose og krevende turen med "Antarctic" valgte Otto Nordenskjöld den erfarne skipperen fra Tjølling i Vestfold, Carl Anton Larsen. Larsen ledet i 1892 – bare 32 år gammel – den første norske fangstekspedisjonen til Sørishavet med "Jason". Neste sesong gjorde Larsen med "Jason" undersøkelser etter hval i Vestantarktis. På den turen blei det også gjort viktige geografiske oppdagelser nettopp i det området som Nordenskjöld valgte for sin ekspedisjon. Dei fleste av mannskapet ombord i "Antarctic" på Nordenskjölds ekspedisjon blei rekruttert blant erfarne ishavsfolk fra Vestfold.

Men det var ikke en enkel sak for Otto Nordenskjöld å skaffe kapital til å finansiere denne dyre ekspedisjonen. For å klare finansieringen blei det til slutt bestemt at "Antarctic" – etter først å ha satt på land ei stasjonær gruppe på Nordenskjölds vinterstasjon – skulle drive fangst av hval og sel i kombinasjon med hydrografiske undersøkelser. Nordenskjöld fikk dessuten meget god finansieringshjelp fra Argentina – kull til "Antarctic" blei levert gratis av

Argentina fra landets depot i Ushuaia, verdens sydligste by som ligger i Beagle-kanalen. Som motprestasjon og takk for denne sjenerøse gaven blei det bestemt at en argentinsk representant, marineløytnant José M. Sobral, skulle delta i ekspedisjonen.

Jeg hadde hørt en god del snakk om denne ekspedisjonen, der skjebnen til dei fleste deltagerne virkelig hang i en tynn tråd da "Antarctic" forliste. På jakt etter mer handfast dokumentasjon gjorde jeg derfor i desember 1996 et besøk på *Central Antikvariatet* som ligger på Drottninggatan i Stockholm. Det viste seg å være et meget vellykket besøk. Jeg fant nemlig et eksemplar av den boken **"Bland pingviner och sälar"** som Samuel Duse skreiv 1905 om sine eventyrlige og dramatiske opplevelser under denne ekspedisjonen. Blant anna om den overvintringa som han fikk gjøre sammen med to andre i en provisorisk steinhytte da "Antarctic" forliste. Boken som låg der og venta i antikvariatet var riktignok både slitt og vellest, men hva gjorde det – det var jo akkurat den som jeg hadde vært på jakt etter!

Duse som fylde 30 år under overvintringa i steinhytta, var militær og hadde som sådan spesialkunnskaper som kartograf – eller landmåler som det heter på norsk nå for tiden. På grunn av dei meget store problem som Nordenskjöld hadde hatt for å få ekspedisjonen finansiert, var det lenge usikkert om Duse kunne få komme med. Men da det som tidligere nevnt blei bestemt at ekspedisjonen også skulle drive kommersiell fangst i kombinasjon med hydrografiske undersøkelser i Vestantarktis, ordna det seg til slutt og han kom med.

På turen sørover var ekspedisjonen bla innom Buenos Aires og Port Stanley på Falklands øyene før kursen like etter nyttår 1902 blei satt mot Antarktis. Etter innledende rekognoseringer blei det i midten av januar først lagt ut et relativt stort depot på Seymor øya og den 12 februar blei så ekspedisjonens vinterstasjon etablert på Snow Hill.

Ekspedisjonen blei dessuten delt i to grupper. Nordenskjöld og legen - Ekelöf – samt fire andre utgjorde den stasjonære gruppen på Snow Hill. Duse og resten av forskerne hørte til den pelagiske gruppen som fortsatte sitt arbeid ombord i "Antarctic".

Den pelagiske gruppen hadde framfor seg mange vidt forskjellige oppgaver, dels fangst som var av helt avgjørende betydelse for ekspedisjonens totale økonomi, dels oseanografisk forskning og kartografiske oppmålinger. Når disse oppgavene var ferdige skulle "Antarctic" etter planen returnere til Snow Hill for å hente Nordenskjöld og hans gruppe. Så blei det imidlertid ikke da "Antarctic" forliste. Så godt som hele ekspedisjonens eksistens kom derfor i fare.

Den første bunkringa som skuta hadde gjort i Ushuaia på vei sørover var så godt som oppbrukt da vinterstasjonen var etablert på Snow Hill. Kursen blei derfor satt via Antarcicsundet – som syns på kartet sist i artikkelen – direkte mot Eldslandet og kulldepotet. Deretter gikk "Antarctic" til Sør-Georgia via Port Stanley på Falklands øyene. Der fikk dei dessuten med seg ennå en deltager, J.G. Andersson, som hadde kommet dit direkte fra Sverige.

En viktig grunn til denne Sør-Georgia turen var at C. A. Larsen mente at det ville lønne seg å drive hvalfangst i havet der. Han hadde nemlig på sine to tidligere turer med "Jason" notert at det fans en god del Grønlandshval ved Sør-Georgia. Samtidig som hvalfangsten pågikk, gjorde Duse og to andre fra den pelagiske gruppen undersøkelser på Sør-Georgia. Der gjorde Duse blant anna geografiske oppmålinger. Der fant dei dessuten flere gravplasser og mange andre spor etter tidligere besøkere. Noen store jerngryter fra et tidligere trankokeri lå der også. Plassen blei derfor døpt til Grytvika – et velkjent navn for mange. Da jeg var i Sandefjord på 1950-tallet møtte jeg mange hvalfangere som hadde arbeidet på den landstasjonen som C.A. Larsen i sin tid var med på å etablere i Grytvika.

"Antarctic" starta denne turen fra Falkland den 11 april 1902 og kom tilbake til Port Stanley fullasta den 4 juli. Midt under den antarktiske vinteren såleis. Det var forresten på den turen at dei målte et maksimalt havdyb på 5997m. Da dampinga av spekket var ferdig, gikk turen ennå en gang til Ushuaia for å bunkre og for å forberede den avsluttende oseanografiske og kartografiske delen av ekspedisjonen. Deretter skulle "Antarctic" etter

planen gå till Snow Hill for å hente hjem Otto Nordenskjöld og dei andre som var stasjonert der.

Under sine to besøk i Ushuaia fikk ekspedisjonen god kontakt med og mye hjelp av dei argentinske innbyggerne i området – ja dei fikk sogar litt kontakt med noen av landets opprinnelige innbyggerne – onaindianerne. På den tiden levde dei fortsatt som nomader i dei store skogene nord for Beaglekanalen. Dei livnærde seg hovedsaklig på jakt – men tok av og til også litt ”normalt” arbeid. Under slikt arbeid brukte onafolket vanlige klær, men så snart dei kom tilbake til sin normale skogsmiljø, skiftet dei til sine opprinnelige og enkle klær av guanako-skin. Duse blei meget imponert av onafolket og deres enkle og robuste levemåte. Med hjelp av en argentinier som diplomatisk forhandler, fikk han tatt mange fine fotografier av disse fantastiske menneskene. Dessverre lå alle disse etnografisk verdifulle bildene ombord i ”Antarctic” da skuta forliste. Men Duse som var en meget habil tegner, gjorde heldigvis mange og ypperlige skisser. Mange av disse tegningene er med som illustrasjoner i hans bok.



Ung skinnkledd ona-kvinne



Far og sønn



Landskap ved Beagle-kanalen

Et par av disse har jeg tatt med her og jeg håper at de fine nyansene i tegningene kommer godt fram i trykket. Den 7 november 1902 forlater så "Antarctic" for siste gang området ved Beaglekanalen for å ta seg til Stillehavet via Kapp Horn. Ved rundinga av hornet kommer skuta ut i en kraftig storm. Det blir en god del stamping og rulling og da får dei dessuten kjenning av et problem som er velkjent for alle som har vært ombord i gamle selfangstskuter av tre: ufyselig pumpelukt. Når små fangstrester som samles langs kjølsvinet under garneringa blandes med sjøvann og begynner å råtne, oppstår vederverdig stank som vanskelig kan beskrives, den må oppleves. Muligens bidrog dette problemet til at det etter avtale med mannskapet blei bestemt at mer fangst skulle drives først etter nærmere kontakt med Nordenskjöld. Mannskapet og øvrig besetning skulle derfor få en viss sum per mann isteden for andel i fangsten – en avtale som alle mer enn gjerne aksepterte.

Planene for sommerprogrammet gikk ut på å gjøre undersøkelser i havet samt naturhistoriske undersøkelser på Sør-Shetland øyene og geografiske oppmålinger på vestsida av Grahams land. Det viste seg imidlertid at sommeren 1902 blei uvanlig stormfull. Isforholdene var dessuten meget vanskelige med mange og store drivende isfjell. Nøyaktigheten av både det geografiske oppmålingsarbeidet og dei hydrografiske undersøkelsene blei dessuten lidende av at dei to kronometrer som fans ombord til posisjonsbestemning var upålitlige.

Den 5 desember 1902 blei arbeidet på vestsida avslutta og kursen satt mot Snow Hill. Da det viste seg at Antarctic-sundet var sperra av is, forsøkte dei å ta seg til Snow Hill gjennom å seile øst for Joinville-øya – men den veien viste seg også å være sperra. Skuta returnerte derfor til Antarctic-sundet. Da det var viktig å få kontakt med dei som venta på vinterstasjonen, blei det bestemt at tre mann – K. A. Andersson, Duse og den norske matrosen Grunden skulle ta seg til Snow Hill over isen.

Det mest nødvendige utstyret lasta dei på en dragslede og den 29 desember 1902 blei dei tre satt på land i den vika som seinare blei døpt til Håpets Vik. Der i vika blei det dessuten lagt opp et ekstra proviantdepot. Om det skulle vise seg umulig for skuta å ta seg fram til Snow Hill, var avtalen at deltagerne, også dei på stasjonen Snow Hill, skulle returnere til landingsplassen i Håpets Vik og vente på "Antarctic" der. Ettersom desember er så godt som midt i den antarktiske sommeren, blei utstyret for dei tre som gikk på land heller ikke valgt med tanke på at det eventuelt skulle bli nødvendig med overvintring.

På vei mot Snow Hill, ved Vega øya, oppdaga dei tre imidlertid at det ikke gikk å komme lenger på grunn av isfritt hav både sør og øst for øya. Det var bare å vende tilbake til Håpets Vik. I en storm med kraftig snøfall som kom på tilbaketuren, blei dei så av med en stor del av provianten og anna utstyr. For å komme litt lettere opp på en isbre hadde pakninga på sleden nemlig blitt delt i to. Stormen i kombinasjon med den store snømengda som kom, begravde omtrent halvparten av utstyret så effektivt at det var uråd å finne det igjen. Etter femten slitsomme døgn var dei tilbake til utgangspunktet i vika – men bare med halvparten av utstyret i behold. Duse skriver om dette i dagboka:

"Nå er vi ennå en gang her etter alle eventyr, men for hvor lenge? Vi begynte det nye året på en høgst uvanlig måte med vandringer rundt om i denne isørken. Her er vi helt overlatt til oss sjøl og får kanskje vente i et par måneder – om det ikke viser seg at "Antarctic" kommer tidligere. Vi har ikke annet å gjøre enn å vente og håpe på at ventetiden ikke blir for lang".

Men tida gikk, uke etter uke og "Antarctic" kom ikke tilbake. Hver dag vandra dei høgt opp i terrenget og speidet forgjeves mot nord etter skuta. Noen ganger syntes dei faktisk å se "Antarctic", men med hjelp av kikkerten kunne dei hver gang konstatere at det bare var is og atter is.

Alt etter som dagene gikk uten at skuta viste seg, begynte dei å innse at dei kanskje skulle bli nødt til å overvintre der i Håpets vik. Med hensyn til at klær og anna utstyr var valgt med tanke på at det var sommer, var framtidsutsiktene meget dystre. En god del av utstyret hadde dei dessuten mista i snøstormen på tilbakeveien. Noen kraftige stormer med orkanstyrke i området gjorde det dessuten klart at det overhode ikke skulle gå å overvintre bare i et telt.

Den 15 februar 1903 begynte dei derfor å bygge den steinhytta skulle bli deres vinterbolig. Det blei ikke noen stor hytte, blant anna derfor at den presseningen som skulle brukes til tak ikke var så stor. Dessuten skulle det bli lettere å holde varmen inne jo mindre hytta var. Det var godt om stein i området så veggene blei tykke – nærmere en og en halv meter nede ved bakken.

Det som nok bekymra dei mest var at det var alt for lite proviant i depotet for å klare ei overvintring. Det var derfor livsnødvendig å skaffe meir mat. Fisk kunde dei ikke regne med da dei mangla bra utstyr. Totalt fikk dei bare ca 20 fisker under vinteren. Pingviner og sel blei derfor det tilskuddet dei fikk basere provianten på. Fra selene som dei fanga tok dei til vare så godt som alt, skinn, spekk og rett mye av kjøttet. Spekket samla dei i ei stor tønne der det tidligere hadde vært skipskavring. Dei hadde litt parafin til primusen, men det var langt fra tilstrekkelig for den lange vinteren som var på vei. Spekk blei derfor meget viktig som brensel også.


For å dryge ut provianten begynte dei ganske tidlig å spise et måltid pingvinsuppe hver dag. På den måten fikk dei dessuten fersk mat. Det var rugende adéliepingviner over alt i Håpets Vik og i begynnelsen syntes alle tre at guano-stanken var ufyselig. Men hva gjorde det – maten var viktigere enn stanken. Steinmuren til hytta vokste for hver dag men samtidig var rugetida mer eller mindre forbi og pingvinene begynte å forlate vika. Det hastet derfor med å samle pingviner til mat snarest mulig. Dei beregnet at det skulle behøves ihverfall 500 pingviner og det var bare dei kraftige brystfiléene som dei kunne bruke. Etter ei tids trening gikk den delen av arbeidet fort – da var det mye strevsommere å fange pingviner som var ganske raske til beins. Men etter at Andersson kom på idéen å grave en omtrent en meter dyp kileformet grop i snøen gikk det bedre. Når pingvinene først kom inn i kilen gikk fangsten lett.

Når presenningtaket var på plass, forsterka med barduner og støtter, og golvet var dekket med pingvinskin, kunne dei flytte inn i midten av mars. Når vinterstormene satte inn for alvor viste det seg imidlertid at dei tykke steinveggene var for gistne – snøen blåste rett gjennom hytta. Først etter at dei fikk dekket veggene utvendig med snø blandet med sjøvann, blei hytta så noenlunde tett.

Hvordan gikk det så å klare seg inne i den trange hytta, dag ut og dag inn med minimal plass under den lange vinteren? Ja, den daglige kokketørnen gikk på rundgang. Kokken stod normalt opp grytidlig på morgenen for å ordne med maten – men det arbeidet kunne ta en halv dag om det var vanskelig å få fyr i ”spekkovnen”. Når det var uvær – og det var det rett ofte og flere dager i strekk, var det bare å holde seg i ”køya”. Slik beskriver Duse noe av den mentalt anstrengende situasjonen dei befann seg i:

”Verst var det under dei lange periodene med ruskevær, da vi var nødt til å holde oss inne i hyttas kunstgjorde polarmørke som var kompakt og uten en solstråle. Bare når en kraftig storm av og til reiv opp litt av tetningen av is ved taket, kunne det komme inn litt lys. Vi forsøkte å underholde hverandre med forskjellige historier og beretninger. Små episoder og erfaringer frå våre liv, ja til og med inneholdet i gamle romaner blei repetert. Andersson holdt en serie kortfattede populærvitenskaplige forelesninger fra det naturvitenskaplige området som vi andre lyttet til med stor interesse. Grundens lystige historier frå hans mangskiftende erfaring fra reiser på jordens alle hav blei fortalt på en medrykkende måte og alltid med humor og godt humør. Men til og med vår egen underholdning kunne bli trøttende

i lengden og den utvungne samtalen, fortellingene, skjemtene og sangene døde ut noen ganger av seg sjøl. Da kunne det bli en trykkende taushet der inne i det svarte hullet. Da krøp hver og en inn i sin sovesekk så langt det gikk – for å få litt varme, og man grublet på en lykkelig slutt av det hele til man sovnet”...



1. Sofsäckarna hopprullade (de streckade linjerna ange deras platser under nätterna.) 2. Tomlåda (sittplats). 3. Låda för köksattiraljen. 4. Spiseln. 5. W. C. (enkel konstruktion). 6. Köttkällare. 7. Slaskledning. 8. Ingång. 9. Tältstäng. 10. Bordsskifva. 11 och 12. Kokapparaten under- och öfverdel. 13. Kockens sittplats. 14. Liten tomlåda (sittplats).

PLAN AF STENHYDDAN.

Den personlige hygien var naturligvis et stort problem for alle tre under vinteren. Det fans ikke såpe og dei hadde heller ikke så flusst med reine klær at dei kunne bytte selv om det nok var tvingende nødvendig. Dei hadde med andre ord ikke så mye mer enn det som dei sto og gikk i. Sko var et spesielt og stort problem. Det gjaldt å lappe og bøte når slitasjen blei for stor på det som dei hadde på føttene. "Spekkovnen" som dei brukte var naturligvis også et stort problem – når dei først fikk fyr i den osa den så forskrekkelig. Sotet satte seg over alt, på vegger og klær, på kroppen og i håret. Den menneskelige luktesansen er heldigvis ikke absolutt, den er til en viss grad anpasset mest for å kjenne forandringer. Den daglige stanken voldt dei derfor ikke noe større problem. Noe av den begrensa klesvask som tross alt forekom beskriver Duse på denne måten:

”Spørsmålet om hva vi skulle ha på føttene hadde bekymret oss lenge. Våre strømper som vi hadde brukt hele vinteren, hadde så godt som mistet ullens forskjellige egenskaper og dei var både til lukt og utseende virkelig vemmelige plagg. Jeg mistenker at ikke den mest fordomsfrie klesvasker ville ta dei i sin hand. Andersson vasket en dag et par på eskimovis, nemlig i urin, og jeg tror at han blei ganske tilfreds med resultatet. For min del ga jeg ”vaskevannet” litt tilskudd av pottaske som jeg gjorde av noe tare som hade vært brukt som tetting i murene. Jeg våget meg dog ikke på å vaske strømpene på den måten, uten testet metoden bare på noen heimelaga vanter”.

Til tross for det ensformige og trøstløse livet gikk den ene dagen etter den andre og den etterlengta våren kom etter hvert litt nærmere. Når været var akseptabelt tvinga dei seg til å mosjonere så mye som mulig for å holde seg i form. Planen var jo at dei skulle ta seg til Snow Hill så snart den arktiske våren gjorde dette mulig. Samtidig forberedte dei turen gjennom å se over og reparere den utrustninga som dei hadde med seg.


Den 29 september dro så Grunden, Duse og Andersson fra Håpets Vik med utstyret lasta på kjelken. Før dei forlot plassen kreiv dei ei melding som blei plassert der som flaskepost. Dei hadde da bodd der inne i steinhytta omtrent et halvt år – frå den 11 mars til den 29 september 1903. På marsjen sørover mot Vega øya, dit dei kom den 10 oktober, kom dei ut for to kraftige stormer. Til alt hell fant Andersson det velfylte depotet med både mat og parafin som var plassert på Vega øyas nordside. Situasjonen var likevel rett kritisk ettersom både Grunden og Duse hadde forfrosset føttene. Etter rekognosering bestemte dei seg for å fortsette rundt øya på vestsida. Og det blei uten tvil redninga deres.

Dei hadde så vidt starta på morgenen den 12 oktober da dei oppdaga noe som rørte seg i nordlig retning langt borte på isen. Med kikkertens hjelp kunne Grunden konstatere at det var to menn med slede og hunder! Duse og Andersson tok på seg ski og gikk for å møte mennene. Det viste seg å være Otto Nordenskjöld og den norske matrosen Jonassen. Men da dei var omtrent 100 meter fra hverandre blei hundene forskremte og stakk i vei det beste dei kunne. Det var muligens lukta av Andersson og Duse som skremte dei. Dei to hadde jo ikke hatt ordentlig kroppsvask siden dei forlot ”Antarctic” i slutten av desember 1902. Dei var uflidde i hår og skjegg og dessuten kolsvarte frå topp til tå på grunn av åt sotet frå ”spekkovnen”.

Det tok derfor litt tid før Nordenskjöld og Jonassen kjente igjen Grunden, Andersson og Duse. For alle blei det naturligvis, trass all uro og funderinger om hva som kunne ha hendt med ”Antarctic”, en herlig fortsetning av dagen den 12 oktober. Dei forsto at nå endelig var dei redda – og dessuten fikk dei god mat – kjøtt stekt i smør – ikke spekk lenger – og dessuten med løk! Duse avslutter dagen på denne måten i sin bok:

”Den dagen blei det ikke noen videre marsj. Jeg flyttet nå inn i Nordenskjölds telt som var mye romsligere enn vårt, og trivdes utmerket der. Kallblodig ignorerte jeg de opprinnelige inneboernes rynkede neser som tydelig anga att jeg ikke spred noen finere duft omkring meg. Jeg for min del syntes derimot at Nordenskjöld luktet parfyme og jeg funderte derfor en del på hvorfor han var så kokett her ute i ødemarken at han parfymerte seg. Først da vi kom fram til vinterstasjonen og jeg kom i nærmere kontakt igjen med det som kalles såpe, forsto jeg at parfymeduften måtte komme derfra”.

Turen gikk nå direkte til Snow Hill og vel framme der fikk Duse og Grunden legehjelp med sine frostskader av dr Ekelöf. Dei fikk seg dessuten en ordentlig rundvask, hårklipp, barbering og nye, reine klær: Men først av alt blei dei naturligvis fotografert! Dei blei veid også og da viste det seg at Duse hadde magret 27 kilo under oppholdet i Håpets Vik.



Med tanke på det som tidligere har blitt nevnt om såpe og god lukt, tar jeg med ennå et lite sitat fra Duses Bok:

”Det var en slik nytelse å vaske seg med den velluktende såpa at jeg måtte gjøre det ennå et par ganger før middag. Med ”overklassens nytelsemiddel” – tannbørsten – fikk mine tenner også en omgang. Så når festmiddagen blei servert noe seinare, kjente jeg meg igjen som et sivilisert menneske”.

Med god hjelp av hundene hadde dei klart å tilbakelegge strekninga fra møteplassen på isen ved Vega øya til Snow Hill på 3½ dager, til tross for at både Grunden og Duse hadde alvorlige forfrysninger. Møteplassen ved Vega øya ligger omtrent halvveis mellom Håpets Vik og Snow Hill. På strekninga fram til møteplassen hadde Grunden, Andersson og Duse brukt 13 dager. Det er derfor lite sannsynlig at ihvertfall Grunden og Duse skulle ha orket å ta seg heilt fram til Snow Hill uten hjelp.

I begynnelsen av november hadde Duse og Grunden blitt så noenlunde friske at dei kunne begynne å arbeide igjen. Duse fortsatte med sine oppmålinger i området rundt Snow Hill og Grunden hjalp til med øvrig arbeid ved stasjonen. Ingen visste imidlertid ennå hva som kunne ha hent med Larsen og resten av folket ombord i ”Antarctic”, og dei fryktet det verste.

Men så, den 8 november, begynner det å hende mange saker på en gang ved Snow Hill. Først kommer kanonbåten ”Uruguay” som den argentinske regjeringen har sendt ut for å leite etter ekspedisjonen. Samme dag kommer så Larsen med et mannskap på fem mann sjøveien i en åpen båt til Snow Hill. Da først fikk Nordenskjöld og hans menn informasjon om hva som hadde hendt med ”Antarctic”.



Etter at Duse, Andersson og Grunden har blitt satt i land fra "Antarctic" i Håpets Vik, forsøker Larsen å føre skuta til Snow Hill gjennom å runde øst for Joinville øya. "Antarctic" fastner imidlertid i drivisen, første gang den 1 januar 1903 – kommer seg løs den 4 januar, fastner deretter ordentlig i skrugardene den 9 januar og blir samtidig oppskrudd ca 4 fot akterut. Dette i kombinasjon med ennå kraftigere skruing under en sørlig snøstorm den 10 januar blir for mye for "Antarctic". Et kraftig brak midt i natten til den 11 januar, indikerer klart og tydelig at skuta har fått ei alvorlig skade. Det viser seg at stilken er knekket. Roret er også skadd. Lekasjen er alvorlig, men med energisk innsats fra alle ombord kan dei holde skuta flytende med hjelp av pumpene fram til den 12 februar. Da dei den dagen forsøker å komme løs fra isen med hjelp av maskinen, går reisa mot undergangen fort. Lekasjen blir så stor at pumpene ikke kan holde skuta flytende lenger og etter noen timer oppslukes "Antarctic" av havet.

Etter forliset laster dei alt utstyr som kunne berges, inklusive skipskatten som forøvrig var født ombord i "Antarctic", ombord i dei åpne fangstbåtene og kommer etter 16 døgns blodslit i drivisen fram til Paulet øya. Der får dei seg tak over hodet gjennom å bygge et steinhus. Dei fisker, samler egg, jager sel og pingviner og hanker seg gjennom vinteren med hjelp av fangsten pluss den proviant som dei redda frå skuta. Dessverre blir en av mannskapet, matrosen Wenersgård, syk og dør under vinteren.

Når så våren til slutt kommer, starter C. A. Larsen den 31 oktober 1903 med et mannskap på fem i en åpen hvalfangstbåt og ror mot Håpets Vik. Dei kommer dit den 4 november og finner meldinga at Andersson, Duse og Grunden etter ei kummerlig overvintring forlot vika den 29 september – såleis ca 5 uker før Larsen kommer dit. Der i vika blir dei liggende værfast på grunn av storm noen dager.

Men så – på etternatta til den 7 november setter Larsen og hans fem menn seg til årene og ror mot Snow Hill. Dei kommer dit etter en rotur uten hvile på 21,5 timer. Avstanden mellom Håpets Vik og Snow Hill er i rett linje omtrent 60 distansminutt. Det gir ei snittfart med den åpne fangstbåten på omtrent 2,8 knop! Det var ikke noen dårlig rotur for seks mann der den eldste var 43 og den yngste 21 år. Gjennomsnittsalderen var noe i underkant av 32 år. Dei *kan muligens* ha fått litt hjelp av strømmen men det veit vi ikke noe

om. Men det vi veit er at dei hadde ei lang og rett anstrengende overvintring bak seg i steinhuset på Paulet øya. På Snow Hill fikk dei seks en hjertelig velkomsthilsen etter sin fantastiske rotur.

Litt aust for Snow Hill – ved Seymour øya - lå ”Uruguay” for anker og masa på for å komme i vei nordover så snart som mulig. Fartøyet var riktignok bygd av stål, men ikke dimensjonert for å gå i is. Kapteinen ombord, kommandørkaptein Julian Irizar, ville ikke risikere å bli fast i isen og han ønsket derfor å returnere til Argentina snarest mulig.

Ekspedisjonens utstyr og samlinger blei derfor lastet ombord hurtigst mulig. Deretter satte ”Uruguay” kursen mot Paulet øya og hentet resten av mannskapet fra ”Antarctic”. Dessuten blei et stort proviantdepot lagra der i steinhytta. Helt til slutt gikk så ”Uruguay” nordover til Håpets Vik og hentet Anderssons fossil- og geologiske samling.

Ja, så gikk denne eventyrlige antarktisekspedisjonen mot sin slutt. Men dramatikken fikk dei selskap av ennå ei stund. På seilassen frå Snow Hill kom nemlig ”Uruguay” ut i en så kraftig storm at både stormasta og fortoppen brøts. Samuel Duse skriver ikke noe om dette haveriet, men Otto Nordenskjöld nevner det i sin beretelse. Riggshaveriet medførte at ”Uruguay” fikk hugges løs fra en god del av riggen som blei hengende langs fartøysida. Det har blitt fortalt meg at denne riggrensinga nesten holdt på å skape diplomatiske forviklinger mellom Argentina og Sverige. Vel heime fortalte nemlig en av dei svenske deltagerne – jeg vet ikke hvem – at det nok skulle ha blitt meget vanskelig å gjøre seg av med riggen uten hjelp av Larsen og hans besetning fra ”Antarctic”.

At argentinerne hadde stor tiltro til Larsen og respekt for hans kompetanse er velkjent. Allerede et år seinere fikk han ansvaret for å etablere en landbasert argentinsk fangststasjon i Grytvika. Han var sjef for den i ti år, heilt fram til 1914.

Kilder:

Samuel A. Duse:

Bland Pingviner og Sälar, Bejers Förlag, Stockholm 1905

Otto Nordenskjöld m. fl.:

Antarctic I og II Två år bland Sydpolens isar, Bonniers Förlag, Stockholm 1904

Oppslagsbøker:

Kringla Heimsins, Nasjonalforlaget, Oslo 1949

Nordisk Familjebok, Förlagshuset Norden AB, Malmö 1960

PS

Har du internett kan du se Wenersgårds grav (PICT1633) og restene etter steinhytta (PICT1632) på Paulet øya slik som det såg ut der 2002. Adressen er: www.thefrozencontinent.com/Paulet-Island

Noe bilde av steinhytta i Håpets Vik har jeg dessverre ikke funnet ennå.



Otto Nordenskjöld 1869 - 1928

1894 Dosent i Uppsala.

1905 Professor ved Göteborgs Högskola

1923 Rektor ved Handelshögskolan Gbg

1895-97 Ekspedisjon til bla Eldslandet

1898 Forskningsreise til Klondyke

1900 Deltagere i Amdrups Grønlands eksp.

1901-1903 "Antarctic"- ekspedisjonen

1909 Ekspedisjon til Grönland

1920-21 Ekspedisjon til bla Peru



Carl Anton Larsen 1860 – 1924

1892-93 Ledet den første norske fangstekspedisjonen til Antarktis.

1894 Undersøkinger i Vest-Antarktis, bla etter hval - oppdaget også nye landområder

1901-1903 Skipper på "Antarctic"

1904-14 Bestyrer for argentinsk hvalfangstselskap med base på Sør-Georgia


1923 Leder for den første pelagiske fangstekspedisjonen med "Sir James Clark Ross" til Rosshavet

Var med å stifte selskapet Rosshavet.

Kart over området i Antarktis hvor Otto Nordenskjölds ekspedisjon 1901-1903 hadde sitt hovedsaklige arbeidsområde. Originalkartet som Duse og Nordenskjöld har utarbeidet, er basert hovedsaklig på ekspedisjonens kartografiske observasjoner.

Hovedbasen, **Snow Hill**, ligger på 57°V-64,35°S. **Håpets Vik** ligger på 56,8°V-63,25°S.

Paulet øya ligger på 55,86°V-63,58°S". "**Antarctic**"s forlis er markert på ca 55°V-64°S



SUNNMØRINGAR PÅ NORDAUST-GRØNLAND

VERKSEMD I FANGST, FRAKTING, FORSYNING, FORSKING OG FORVALTING

Av Magnus Sefland

Denne oversikten er bygd mykje på den danske Sirius-mannen Peter Schmidt Mikkelsen si grundige bok *Nordøstgrønland 1908-60. Fangstmandsperioden*. I eit kapittel med overskrifta "Initiativet fra Sunnmøre" skriv Mikkelsen:

"--- Centrert om havnebyerne Ålesund, Brandal og Hareid lå ved århundredskiftet her et kraftcenter for norsk ishavsvirksomhed, en mægtig ishavsflåde og mandskab, der færdedes hjemmevant overalt, hvor der var dravis at sætte en skibsstævn imod. I år 1900 begyndte sælfangere fra Sunnmøre deres regelmæssige sommertogter til Nordøstgrønland, og blant fangstfolk, der havde deltaget i turene, blev det ofte diskuteret, om ikke en overvintring i Nordøstgrønland skulle kunne lønne sig. Muligheden lå i polarræv. Prisen for et godt vinterfanget skind var høj. ---".

I det følgjande er omgrepet "sunnmøring" brukt på ein romsleg måte. Omgrepet vil då kunne omfatte personar, foretak, institusjonar, fartøy og anna med bakgrunn også i dei næraste grannedistrikta og andre med litt lausare tilknytning til Sunnmøre.

Sunnmørsskuter ved kysten av Nordaust-Grønland i ein tidleg fase

Vi har prøvd å lage ein oversikt over fartøy frå Sunnmøre som tok seg inn til kysten av Aust-Grønland i løpet av det første tiåret av 1900-talet. Vi har rangert fartøya kronologisk etter det første besøk som vi kjenner til. Seinare besøk er ikkje tekne med, sjølv om det er kjent at somme av fartøya var der fleire gonger i løpet av tiårsbolken.

- 1900 "Minna" av Brandal, skipper Peter S. Brandal.
- 1900 "Havfruen" av Brandal, skipper Ole S. Brandal.
- 1901 "Norrøna" av Ålesund, skipper Mikal Landmark.
(Forlist i Claveringfjorden i 1901).
- 1901 "Sleipner" av Ålesund/Kristiania, skipper Jonas Fuglevik
- 1903 "Union" av Brandal, skipper Ole S. Brandal.
- 1905 "Idræt" av Brandal, skipper Peder Trandal.
(Forlist under isskruing på turen i 1905. Mannskapet freista først å ta seg inn til kysten av Nordaust-Grønland. Dei vart tekne opp av ein skotsk kvalfangar).
- 1907 "Elf" av Ålesund/Kristiania, skipper Johan P. K. Olsen.
- 1907 "Vesterisen" av Ålesund, skipper Peder Trandal.
- 1908 "Sjøblomsten" av Ålesund, skipper Paul Lillenes.
- 1908 "Gunhild" av Brandal, skipper Knut Olsen.
- 1908 "Polara" av Remøy, skipper Sigvald Remø.
- 1908 "Floren" av Brandal/Ålesund, skipper Severin Liavåg.
(*"Floren"*-ekspedisjonen var den første som overvintra. Det var i vintersesongen 1908-09).

Så vidt vi veit var "Elf" det einaste av desse fartøya som hadde maskinell framdrift. Skuta hadde ein forbrenningsmotor som framdriftshjelp i tillegg til segla. Alle dei andre fartøya i oversikten hadde berre segl som framdrift.

Brandal er sterkt representert i oversikten. Det var nære familiesamanhengar mellom ein del av skipperane. Peter S. Brandal, Ole S. Brandal og Laurits S. Brandal – den sistnemnde førte "Havfruen" i Vestisen og ved Nordaust-Grønland i 1908 - var brør. Det same var Johan P. K. Olsen og Knut Olsen. Johan P. K. Olsen var svigerson til Jonas Fuglevik.

Tre sunnmørsskuter på utkik etter "Danmark"-ekspedisjonen

I 1906 sende danskane ein ekspedisjon til Nordaust-Grønland med ekspedisjonsfartøyet "Danmark" (ex "Magdalena"), med Ludvig Mylius-Erichsen som ekspedisjonsleiar. Ekspedisjonen let "Danmark" fryse inne ved Kap Bismarck på om lag 77 grader nord. Deretter sende dei ut hundesledegrupper i fleire retningar. Alle gruppene, med eitt unntak, returnerte til ekspedisjonsfartøyet. Den gruppa som ikkje kom tilbake bestod av ekspedisjonsleiaren Mylius-Erichsen og to andre personar.

Då "Danmark"-ekspedisjonen ikkje hadde gjeve livsteikn frå seg, sende den danske konsulen i Ålesund post til ekspedisjonen med tre av sunnmørsskutene då dei gjekk til fangst i Vestisen i 1908. Skutene var "Havfruen", skipper Laurits S. Brandal, "Sjøblomsten", skipper Paul Lillenes og "Vesterisen", skipper Peder Trandal. Posten vart send med skutene på vona dei skulle råke på "Danmark"-ekspedisjonen. Dei tre sunnmørsskutene fann "Danmark" og overleverte posten kort tid før "Danmark" kom seg laus frå isen sommaren 1908.

Men tre mann frå ekspedisjonen var borte, og ein av dei var ekspedisjonsleiar Mylius-Erichsen. Etter kvart vart eitt av lika funne, så det vart klart at ein stod overfor ein tragedie. I 1909 vart ein leiteekspedisjon med jakta "Alabama" og Ejnar Mikkelsen som leiar send av stad for å prøve å finne dei sakna. Ekspedisjonen tok kvarter ved Shannon-øya. Mikkelsen sjølv og ein person til drog ut for å leite. Fem mann vart igjen om bord. Medan dei to var borte sokk "Alabama" ned der ho låg. Dei fem som heldt til om bord brukte material frå vraket til å byggje eit hus på land. Sommaren 1910 vart dei fem tekne opp av "7de Juni"-ekspedisjonen frå Sunnmøre med skipper Vebjørn Landmark som leiar. "7de Juni"-ekspedisjonen var då på veg heim etter å ha tilbrakt vinteren 1909-10 i området.

Då ekspedisjonsleiar Ejnar Mikkelsen og kameraten returnerte til ekspedisjonsbasen ved Shannon-øya, fann dei skuta nedsokka og det nybygde huset forlete. Dei to flytte då til Bass Rock lenger sør. Dei rekna sjansane for å bli oppdaga som større til lenger sør dei oppheldt seg. Dei to måtte tilbringe to ekstra vintrar i området, før dei i 1912 vart tekne opp av Paul Lillenes med "Sjøblomsten".

Overvintringar på Nordaust-Grønland før 1930

"Floren"-ekspedisjonen 1908-09

"Floren" var ei seglskøyte på ca 57 fot og 37 brt. Skøyta var nybygd i 1908. Ho var sterkbygd for å kunne tole påkjenningar i isen, men ho hadde ikkje noka form for maskinell framdrift. Eigarar var kjøpmann Hans Koppernæs i Ålesund og skipper Severin Liavåg frå Brandal.

"Floren"-ekspedisjonen overvintra i området ved Sabineøya 1908-09. Skipper og ekspedisjonsleiar var Severin Liavåg (f. 1879). Han hadde m.a. vore førsteskyttar på Minna i 1900. Nestleiar for ekspedisjonen var Adolf Brandal. Han skreiv dagbok på turen. Deltakarar elles var: Baard I. Berge, Peder E. P. Brandal, Johan A. Hareide, Mathias L. Hjelvold og Johannes Dreyer Larsen. "Floren" nådde land ved Kvalrossøya. Ekspedisjon bygde to hus, Koppernæshuset og Borganes, og delte seg mellom dei. Koppernæshuset vart bygd på Kapp Wynn på fastlandet. Om dette huset skreiv Adolf Brandal i dagboka si: "Jeg synes, det ligner temmelig godt Norges Banks afdeling hjemme i Ålesund – udvendig set naturligvis". Borganes var eit stykke lenger sør (Kap Borlase Warren) på same kyststrekningen.

Karane prøvde å setje "Floren" på land for vinteren, men forsøket måtte oppgjevast. Skøyta vart lagd i vinteropplag i ei vik vest for Germaniahavn på Sabineøya. Dei kunne då føre eit visst oppsyn med skøyta i kikert frå Koppernæshuset på fastlandsida av sundet.

Severin Liavåg og Johan A. Hareide miste livet i mai 1909. Dei to drukna under isbjørnjakt på sjøisen. Dei to omkomne vart ikkje funne. Det vart ekspedisjonen sin nestleiar Adolf Brandal som førte skøyta heim igjen sommaren 1909. På veg heim møtte dei "7de Juni", skipper Vebjørn Landmark, ved iskanten. "7de Juni" var då på veg inn til neste overvintring i same området.

På heimreisa hadde "Floren" stille ver med lite vind. Skøyta låg mykje og dreiv. Dei hadde også dårlege observasjonar til å bestemme posisjonar ut frå. Til slutt traff dei eit fiskedampskip. Mannskapet der kunne fortelje at dei var komne til Aktivneset på eggakanten nordvest av Ålesund. Då dei kom til Ålesund, låg tilfeldigvis Fridtjof Nansen der med skuta "Veslemøy". Nansen var ivrig etter å høyre det som "Floren"-karane hadde å fortelje om overvintringa på Nordaust-Grønland.



Severin Liavåg

Det konkrete resultatet av fangsten skal ha vore 15 moskus, 30 bjørnar, 30 blårev, 30 polarrev, ein del selskinn og ein levande blårev. Adolf Brandal avslutta dagboka si med merknaden om at "det gjorde godt at se de hjemlige trakter igjen".

"7de Juni"-ekspedisjonen 1909-10

"7de Juni" var ei seglskøyte på ca 58 fot og 39 brt, med ein hjelpemotor på 12 hk, av ukjent fabrikat. Eigar av skøyta var A/S Elf, ved Severin Th. Sverre, i Kristiania. Skipper var Vebjørn Landmark (f. 1879) frå Brandal.

"7de Juni"-ekspedisjonen overvintra i Germaniahavn på Sabineøya, i same området som "Floren"-ekspedisjonen gjorde. På veg inn mot kysten av Nordaust-Grønland i 1909 møtte "7de Juni" "Floren" ved iskanten. "Floren" var då på veg ut av isen for å dra heim. På den tid fanst det ikkje radiokommunikasjonar. Då "7de Juni" vart utrusta i 1909, visste ingen korleis det hadde gått med "Floren"-ekspedisjonen.

Ekspedisjonsdeltakarar utanom skipper Landmark var: Gustav Abrahamsen, Martin Bjørlo, Johannes H. Brandal, Hjalmar Høvik og Henning Indrevik.

Ekspedisjonen bygde to hus, eitt i Germaniahavn på Sabineøya og eitt på Kap Mary på Claveringøya. Fleire av deltakarane var plaga av skjorbuk. Henning Indrevik døydd av skjorbuk og vart gravlagd i Germaniahavn. Sommaren 1910 berga "7de Juni" fem personar frå den danske "Alabama"-ekspedisjonen. Den danske jakta "Alabama" forliste då den var på leiting etter leivningar etter "Danmark"-ekspedisjonen.

Skipper Vebjørn Landmark var seinare skipper på ei rekkje ulike ishavsskuter. I 1927 var han skipper på "Fangstmand". Denne skuta var i farvatnet ved Nordaust-Grønland det året då skøyta "Hird" nådde land i området ved Sabineøya og skulle etablere seg i området for to års overvintring. Landmark gav "Hird"-karane ein del råd om korleis dei skulle ordne seg. Landmark var også styrmann, islos og kjentmann på "Veslekari" då skuta var

ekspedisjonsfartøy for Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser sin ekspedisjon til Nordaust-Grønland i 1929.

“Hird”-ekspedisjonen 1927-29

“Hird”, med fiskerimerket M 114 B, var ei motorskøyte på ca 49 fot. Framdrifta var med segl og ein Bolinder på 40 hk. Ekspedisjonsdeltakarane kjøpte skøyta for grønlandsekspedisjonen, og dei stod alle som eigarar på like fot.

“Hird”-ekspedisjonen overvintra to år frå 1927 til 1929 i området ved Sabineøya og Claveringøya. Ekspedisjonsleiar var Jonas Karlsbak (f. 1898) og navigatør var August Hansen. Deltakarar elles var Hermann Andresen, Jørgen Furnes, Peder Røbek, Peder Sulebak. Alle medlemene, med unntak av August Hansen, kom frå Mauseidvåg og omland i Borgund.

Om grunnen til at dei drog skreiv ekspedisjonsleiar Karlsbak i dagboka si om bord i “Hird” 14.07.1927, etter at dei hadde forlate Ålesund og var komne ut i rom sjø:

*”Farvel O moder Norge nu reiser jeg fra dig,
hav tak fordi du kaver og har oppfostret mig.
Du blev for knap med kosten imot din fiskerflok,
du finner oss på Grønland, der får vi mer enn nok.”*

“Hird” var i såpass dårleg stand at ekspedisjonen ikkje fekk løyve frå styresmaktene til å legge til havs. Derfor måtte ekspedisjonen snike seg ut av hamne område i løynd ei natt.

“Hird” kom inn til Kap Mary på Nordaust-Grønland. Gruppa hadde eigentleg tenkt å slå seg ned i Germaniahavn. Men etter råd frå skipper Vebjørn Landmark på “Fangstmand” delte dei seg på stasjonane Elvsborg og Kap Herschell. “Hird” vart lagd i vinteropplag på nordsida av øya Store Finsch. Der vart “Hird” slega til vrak i storm allereie i august 1927.

Samarbeidet var ikkje heilt godt mellom Hansen og dei andre ekspedisjonsmedlemene. Hansen drog heim i 1928. (Det er uklart kva slag skyss han reiste med). Første fangst vinteren var berre sånn passeleg vellykka. I 1928 fekk “Hird”-folka hundar og organiserte fangstinga etter det systemet som m.a. Hallvard Devold hadde utarbeidd. Dei brukte hundesledar. I tillegg til hovudstasjonane hadde dei ei rekkje mindre hytter som bistasjonar til overnatting. Bistasjonane låg ei dagsreise med hundeslede frå kvarandre. Med det systemet kunne dei sette ut og røkte feller over eit stort område. På den måten vart fangsten effektiv.

Fangst vinteren 1928-29 vart svært vellykka. Ekspedisjonen bygde til saman ti hus. Dei fem siste ekspedisjonsmedlemene reiste heim med “Veslekari” i 1929. “Hird”-ekspedisjonen la grunnlaget for den fangstverksemda som Hermann Andresen dreiv i 1930-åra og i åra 1946-59, etter andre verdskrig med leigde fangstfolk.

Brørne Devold

Brørne Hallvard (f. 1898) og Finn (f. 1902) Devold var prestesøner. Far deira var prost Harald Ophus Devold. Han var son til industripioneren Ole Andreas Devold i Ålesund/Langevåg. Hallvard og Finn Devold hadde slektsrøter både i Romsdal og på Sunnmøre og tilbrakte deler av oppveksten sin på Sunnmøre. Men dei to tilbrakte også mykje av oppveksten på fleire andre stader i landet.

Begge Devold-brørne kom tidleg til Nordaust-Grønland. Hallvard kom til Nordaust-Grønland med Foldvik-ekspedisjonen frå Tromsø i 1926. Ekspedisjonsfartøy var “Ringsel” av Tromsø. Ekspedisjonen overtok Myggbukta for å drive radiostasjonen og fangste. Finn kom til Nordaust-Grønland i 1928 som leiar for ein eigen ekspedisjon: Den norske Grønlandsekspedisjon 1928-30 – også kalla Finn Devolds ekspedisjon. Ekspedisjonsfartøy var “Terningen” av Tromsø. Denne ekspedisjonen delte seg på stasjonane Myggbukta, Krogness og Revet/Moskusheimen. Både Hallvard og Finn Devold hadde overvintringar på Svalbard og Jan Mayen bak seg då dei kom til Nordaust-Grønland første gong. Hallvard kom

til å stå sentralt i hendingane i Grønland-saka rundt 1930. Han stod i brodden for den gruppa som heiste det norske flagget i Myggbukta i 1931 og okkuperte Nordaust-Grønland til fordel for Noreg. Finn kom i ein liknande posisjon ved okkupasjonen av Sør-aust-Grønland året etter. I seinare år var Finn Devold tilsett i Fiskeridirektoratets Havforskningsinstitutt og leidde ei rekkje forskingstokt etter sild med forskingsfartøyet "G. O. Sars".

Omlegging av den norske aktiviteten på Nordaust-Grønland i åra 1927-29

Ekspedisjonane med "Floren", "7de Juni" og "Hird" vart planlagde og gjennomførte av lokale krefter på Sunnmøre. Foldvik-ekspedisjonen vart utrusta i Tromsø, med Geofysisk Institutt og Vervarslinga i Nord-Norge som støttespelarar. Finn Devolds ekspedisjon 1928-30 kom i stand med m. a. statleg hjelp for å avløyse Foldvik-ekspedisjonen i Myggbukta.

I åra 1927-29 endra den norske aktiviteten på Nordaust-Grønland preg. Før 1927 var ekspedisjonane meir sporadiske og kom som oftast som følge av private initiativ. Frå og med "Hird"-ekspedisjonen var det årlege ekspedisjonar heilt fram til 1959. Frå og med 1929 fekk den norske aktiviteten i området også eit klart offisielt preg. Det statlege Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser (NSIU) vart skipa i 1928 og sende sin første ekspedisjon med "Veslekari" (ekspedisjonsleiar Anders K. Orvin, skipper Hans Rekdal) til Nordaust-Grønland sommaren 1929. Det private, kommersielle foretaket Arktisk Næringsdrift A/S vart skipa i 1929. Sjølv om formalitetane tilsa at det eine var ein statleg forskingsinstitusjon og det andre eit privat, kommersielt foretak, samarbeidde dei to så tett at dei langt på veg var to sider av same sak. Det var til dels same personane som stod i brodden og planla aktiviteten for dei begge.

Flaggheising og politimynde

Den einskildhendinga som vel er den mest kjende i samband med saka om Nordaust-Grønland, er truleg flaggheisinga og okkupasjonen av Nordaust-Grønland i 1931. Ei gruppe fangstfolk heiste det norske flagget i Myggbukta og gjennomførte ein privat okkupasjon av Nordaust-Grønland 27. juni 1931. Proklamasjon om okkupasjonen vart telegrafert til omverda. Fangstmann og telegrafist Hallvard Devold stod i brodden for desse handlingane. Med seg hadde han ei gruppe på fire menn: Thor Halle, Eiliv Herdal, Ingvald Strøm og Søren Richter. Det okkuperte området var avgrensa av Carlsbergfjorden i sør og Besselfjorden i nord. Gjennom ein kongeleg resolusjon av 10. juli 1931 vart det okkuperte området drege inn under norsk statsmakt. Med det vart den danske statsmakta direkte utfordra.

Når ein ser bort frå Hallvard Devold sine slektsband til Sunnmøre, deltok ingen sunnmøringar i okkupasjonen. I den kongelege resolusjonen av 10. juli 1931 vart to nordmenn tildelt politimynde i det okkuperte området: Hallvard Devold i området sør for Claveringfjorden (mellom Carlsbergfjorden og Claveringfjorden) og Hermann Andresen nord for Claveringfjorden (frå Claveringfjorden til Besselfjorden). Devold styrte på den tid radiostasjonen i Myggbukta, og Andresen stasjonerte på Kap Herschell som fangstmann. Politimyndet som dei to fekk, varte til sommaren 1932, då dei begge reiste heim. Helge Ingstad kom då til Antartichavn som fangstmann. På same tid vart han utnemnde til norsk sysselman på Nordaust-Grønland. Han fungerte som norsk sysselman til dommen fall i den internasjonale domstolen i Haag i april 1933.

Overvintringsekspedisjonar frå Sunnmøre frå og med 1930

Dette var ekspedisjonar med lokale utspring på Sunnmøre, også kalla Møre-ekspedisjonane. Dei vart organiserte som private ekspedisjonar. Sjølv om ekspedisjonane frå Sunnmøre var private foretak, fekk dei fleste av dei ei viss støtte frå staten. Dei fleste av dei private ekspedisjonane disponerte ikkje eigne fartøy. Ekspedisjonane reiste for det meste over med ekspedisjonsfartøya til Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser, Vervarslinga og Arktisk

Næringsdrift A/S. Dei private overvintringsekspedisjonane frå Sunnmøre fordelte seg over tidsrommet frå 1930 til 1959. Fleire av dei hadde det til felles at dei i større eller mindre grad var framhald av "Hird"-ekspedisjonen. Folk frå "Hird"-ekspedisjonen var gjerne deltakarar i sjølve ekspedisjonane eller deltakarar i organiseringa heime.

Møre Grønlands-ekspedisjon 1930-32

Fire av seks deltakarar var veteranar frå "Hird"-ekspedisjonen. Leiar var Jonas Karlsbak. Utreisa var med "Veslekari" i 1930. Dei to områda der fangstfolk frå Sunnmøre gjentekne gonger fangsta vart gjerne kalla "sunnmørsterrenget". Ein kan snakke om eit nordleg sunnmørsterreng på søraustsida av Wollaston Forland og Claveringøya og eit sørleg sunnmørsterreng sør for Kong Oscar Fjord.

Hermann Andresen og Peder Røbek gjekk i land på Kap Herschell på Wollaston Forland. Dei fire andre gjekk i land på sørsida av Kong Oscar Fjord. Dei fire delte seg i to lag, med Jonas Karlsbak og Odd Åmbak i Antartichavn, og Knut Røbek og Peder Sulebak på Kap Petersens. Stasjonshuset som Røbek og Sulebak bygde ved Kap Petersens i 1930, fekk opphavleg namnet Sunnmørsheimen. Men i løpet av nokre år vart namnet på huset – Sunnmørsheimen – utkonkurrert av namnet på sjølve staden – Kap Petersens – som namn også på fangststasjonen.

To deltakarar, drog heim med "Polarbjørn" i 1931 på grunn av sjukdom. Ekspedisjonen vart også utsett for ei tragedie. Knut Røbek gjekk gjennom isen i Gael Hamke Bugt og drukna i desember 1931. Dei siste gjenverande drog heim med "Polarbjørn" i 1932.

Suløyas Grønlands-ekspedisjon 1934-37

Hermann Andresen, Peder Sulebak, Karsten Sulebak og Nils Hanken reiste ut med "Sælbarden" i 1934. Dei delte seg på fangstområda ved Kap Herschell og ved Kong Oscar Fjord (Antartichavn og Kap Petersens). Hermann Andresen og Peder Sulebak reiste heim i 1936. Karsten Sulebak og Nils Hanken dreiv vidare eit år og kom heim med "Polarbjørn" i 1937.

Hermann Andresen sin ekspedisjon 1937-39

Hermann Andresen og Lars Vemøy overvintra på Kap Herschell og dreiv fangst i 1937-38. Andresen heldt fram åleine 1938-39.

Peder Sulebak sin ekspedisjon 1938-39

Peder Sulebak var, saman med revepassar Ottar Årsvold, deltakarar i Søren Richters ekspedisjon til Antartichavn og Kap Petersens i 1937-38. Då Richter og Årsvold drog heim i 1938, heldt Sulebak fram åleine på Kap Petersens til 1939. Sulebak sitt år på eiga hand blir gjerne rekna som ein eigen ekspedisjon.

Ole Klokset sin ekspedisjon 1938-39

Ole Klokset frå Tennfjord hadde tidlegare vore på Kap Humboldt som fangstmann for Arktisk Næringsdrift A/S. I 1938 rusta han ut sin eigen ekspedisjon. Han ville dra langt nordover langs kysten og opprette ein ny fangststasjon. Til utreise leigde han "Grande" av Sandshamn. På grunn av isforholda måtte han endre planane sine. I staden for ein ny stasjon langt nord bygde han ein ny stasjon på Laplace på Geographical Society-øya. Der fangsta han gjennom vinteren 1938-39 saman med kompanjongen sin, svensken Yngve Friberg. Det er ukjent kva fartøy dei to reiste heim igjen med.

Ein av ekspedisjonsdeltakarane om bord i "Grande" i 1938 var Einar Sverre Pedersen frå Trondheim. Etter andre verdskrig vart Pedersen sjefnavigatør i SAS. Han var ein av pionerane i planlegginga og ved opninga av selskapet sine flyruter over Nordpolen og Arktis. Ein av dei som stimulerte Pedersen si interesse for navigasjon var skipper Bernt Hide på "Grande".

Hermann Andresen sine ekspedisjonar 1946-59

Hermann Andresen var truleg den mest uthaldande i den norske fangsten på Nordaust-Grønland, først som aktiv fangstmann på Nordaust-Grønland i tida 1927-39, og deretter som organisator av fangstekspedisjonar i tida 1946-59.

I perioden 1946-59 organiserte Andresen fangst med leigde folk. Ofte hadde han fire fangstmenn i verksemd, to i området ved Kap Herschell og to i området sør for Kong Oscar Fjord. Blant dei som fangsta på Andresen sine lag i denne perioden var Ivar Ytreland, Odd Lindhjem, Andrew Kringstad, Karl Blindheim, Johan Laine og Mathias Aasen, alle frå Ålesund, og Arne Ringstad, Olav Urke og Halvor Bjørdal, alle frå Stranda.

I åra 1946-48 overvintra Ivar Ytreland og Odd Lindhjem på Kap Herschell. I perioden 1947-59 utrusta Andresen sommarekspedisjonar som fiska sjørøye ved Zackenberg. Leiar for desse ekspedisjonane var Kristian Ytreland, far til Ivar Ytreland. Både Odd Lindhjem og Ivar Ytreland reiste heim i 1948. Men i dei følgjande åra til og med 1951 var Ivar til Nordaust-Grønland kvar sommar og tok del i fiskeekspedisjonane som far hans leidde.

Hermann Andresen sjølv overvintra ikkje på Nordaust-Grønland etter andre verdskrig. Grunnen til det skal visstnok ha vore ein ryggskade som han fekk i ein flystyrt i Amerika under krigen. Men Andresen organiserte fangstverksemda og styrde den heimanfrå. Han var som regel med avløysingsfartøya til Nordaust-Grønland om somrane for å sjå til verksemda. Dette gjorde han heilt fram til det norske flagget vart firt for godt i Myggbukta i 1959, sjølv om fangstverksemda dei siste åra hadde minka til eit lågmål. I 1950-åra gjekk lønsemda i overvintringsfangsten ned. Eit par av fangstfolka hoppa då av fangstverksemda. Dei braut fangstkontrakten med Andresen og tok seg arbeid ved dei danske blygruvene i Mestersvig.

Hermann Andresen kom opphavleg frå Vesterålen. Han slo seg ned på Sula, der han arbeidde i tekstilindustrien. Men i 1920-åra var det knagre tider. Andresen, med sin fantasi og si handlekraft, fann ein ny og spennande arena på Nordaust-Grønland. Både som fangstmann og som historieforteljar vart han ei levande legende. Han fekk tilnamna "Greven av Herschell" og "Den norsk-grønlandske Munchhausen".

Sunnmøringar i teneste for Arktisk Næringsdrift A/S

Arktisk Næringsdrift A/S dreiv overvintringsfangst frå selskapet vart skipa i 1929. Dei aktive fangstfolka i Arktisk Næringsdrift A/S og interessentane bak dei kom frå ulike delar av landet, også frå byar og kystfjerne distrikt som t. d. Hedmark og Hallingdal.

Nordvestlandet hadde inga dominerande stilling i verksemda, sjølv om sentrale personar som Peter S. Brandal og Martin Karlsen var blant aksjonærene i selskapet.



"Hoelsbu" 1932. Knut Nakken, Walter Molt, Knut Brandal og Bernt Marø. Kopi av denne hytta er bygt i Ishavsmuseet.

Men ei rekkje personar frå Nordvestlandet fangsta frå Arktisk Næringsdrift A/S sine stasjonar. Det er naturleg å nemne særleg dei sunnmøringane som overvintra i Hoelsbu på 1930-talet: Walter Molt, Knut Nakken, Knut O. Brandal og Johan Listhaug. Knut O. Brandal vart sjuk og døydd i Hoelsbu hausten 1933.

Han vart gravlagd i terrenget eit stykke unna stasjonen.

Arktisk Næringsdrift A/S overtok fangstterrenget og drifta av Myggbukta radio i 1930. Avløysingsfartøyet "Veslekari", skipper Paul Lillenes, hadde med seg material til eit nytt stasjonshus som skulle erstatte det gamle stasjonshuset frå 1922. "Veslekari" hadde også med to tømrarar, Kristian Nakken og Kristian Ellingsæter, som førte opp det nye stasjonshuset.

Dei to skulle ikkje overvintra og vart med "Veslekari" heim igjen etter at jobben i Myggbukta var fullført.

Bernt Marø overvintra saman med m.a. okkupasjonsleiaren Hallvard Devold i Myggbukta 1931-32. Vinteren 1932-33 var Marø saman med Leif Brandal og Hans Furland på Kap Humboldt. På den stasjonen overvintra Halvor Bjørdal i 1952-53.

Ishavsskuter frå Sunnmøre i fart ved Nordaust-Grønland

Sunnmørsskuter i teneste for Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser/Norsk Polarinstitut og Arktisk Næringsdrift A/S

Ei rekkje sunnmørsskuter utførte avløysings- og forsyningsturar til Nordaust-Grønland for Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser og Arktisk Næringsdrift A/S. På dei turane var skutene så godt som alltid inn om Jan Mayen både på utreise og heimtur for å levere og hente post, og elles utføre aktuelle oppdrag av mange slag. Sunnmørsskuter som utførte slike avløysings- og forsyningsturar til Nordaust-Grønland før andre verdskrig var "Veslekari", "Polarbjørn" (1), "Sælbarden" (2) og "Buskø".

I den første fase av andre verdskrig var "Veslekari", "Polarbjørn", "Furenak" og "Buskø" involverte i krigsoperasjonar i farvatna ved Nordaust-Grønland. Som følge av desse operasjonane vart både overvintrarar og folk frå mannskapa på skutene spreidde til fleire allierte land: Island, Storbritannia, Canada og USA. Mange av dei kom i aktiv krigsteneste. "Polarbjørn", skipper Kristoffer Marø, var stasjonert i Amerika og utførte oppdrag langs kysten av Grønland – både på vest- og austsida - for den norske regjeringa i London og dei allierte gjennom heile krigstida.

Etter krigen vart Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser omskipa til Norsk Polarinstitut. I etterkrigstida utførte "Polarbjørn" (1), "Polarbjørn" (2) og "Polarsel" avløysingsturane til Nordaust-Grønland. "Polarbjørn" (2) forliste utanfor Myggbukta på avløysingsturen i 1957. (Nordnorske skuter som utførte avløysingsturar for Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser/Norsk Polarinstitut var "Isbjørn I" i 1936 og "Quest" i 1949).

Familien Marø – først med far Kristoffer, og seinare med sonen Henrik – gjorde seg sterkt gjeldande blant skipperane som førte skuter på avløysingsturane. Ekspedisjonsleiarane for NSIU/Norsk Polarinstitut og Arktisk Næringsdrift A/S på avløysingsturane var Adolf Hoel, Anders K. Orvin, John Giæver og Søren Richter.

Den siste avløysingsturen for Norsk Polarinstitut og Arktisk Næringsdrift A/S var i 1959. Turen gjekk med "Polarsel", med Ottar M. Brandal som skipper og Søren Richter som ekspedisjonsleiar. Ved det høvet vart det norske flagget i Myggbukta firt og all norsk aktivitet på Nordaust-Grønland, medrekna drifta av radiostasjonen i Myggbukta, avvikla.

Sunnmørsskuter i teneste for danske styresmakter

Ei rekkje sunnmørsskuter segla i same området for danske styresmakter: "Birkild" (registrert i Molde), "Sjannøy", "Veslekari", "Polarstar", "Jopeter" og "Polaris" (2).

Blant skutene som var i dansk teneste var "Jopeter" av Brandal truleg den som skaffa seg mest merksemd. I 1955 hadde "Jopeter", skipper Knut Nakken, besøkt Danmarkshavn og var på veg sørover igjen gjennom pakkisen. Der gjekk skuta seg fast i isen og miste propellen. Etter ein lang kamp, medan skuta dreiv sørover med isen, måtte passasjerar og mannskap forlate skuta og rekne henne som tapt. Det heile vart registrert som eit forlis. Ingen rekna med å sjå "Jopeter" igjen. Sensasjonen oppstod året etter, då "Jopeter" vart funnen igjen ståande på ei leirgrunne i Mount Norris-fjorden, forholdsvis lite skadd. Etter gjenfinninga oppstod det ein kortvarig tvist om eigedomsretten til den herrelause skuta. Men det kom til forlik. "Jopeter" vart slept heim av "Melshorn" (1), skipper Nils Pilskog, reparert og på nytt overført til sitt tidlegare reiarlag.

I 1958 var skuta – som i mellomtida hadde fått namnet endra til "Polarbjørn" (3) – på nytt i teneste for danske styresmakter, med Henrik Marø som skipper. På reise frå København til Nordaust-Grønland oppstod det ein ulmebrann i kollasten i lasterommet då skuta var utanfor kysten av Sunnmøre. Fire personar, to grønlandske passasjerar og to frå mannskapet, omkom av kolosforgifting. Dei omkomne frå mannskapet var smørjar Hermann Marø, son til skipperen, og messegut Stein Digernes.

Skuta heldt fram i teneste for danske styresmakter på Nordaust-Grønland til byrjinga av 1970-åra. På ein av dei seinare turane opplevde skuta eit nytt propellhavari ved kysten av Aust-Grønland.

Sunnmøringar og sunnmørsskuter i teneste for private oppdragsgjevarar

I denne kategorien kom m.a. "Veslekari", "Grande" og "Søndmøringen". Den sistnemnde var i åra 1947-52 i teneste for det danske Østgrønlandske Fangstkompani Nanok A/S. Særleg godt kjend er dei ekspedisjonsoppdraga som "Veslekari" utførte for den amerikanske forskaren Louise Arner Boyd i åra 1931, 1933, 1937 og 1938. Paul Lillenes var skipper på "Veslekari" i 1931, på den første av ekspedisjonane, Johan P. K. Olsen var skipper på dei tre siste. I tillegg til å vere skipper på skuta, vart Olsen ein fortruleg rådgjevar for Boyd. Amerikanske styresmakter fann at forskingsresultata frå dei to siste ekspedisjonen kunne vere viktig informasjon for krigførande partar i den krigen som mange såg var under oppsegling. Derfor tok dei amerikanske styresmaktene beslag i Boyd sitt forskingsmateriale. Ho måtte vente til etter krigen med å publisere materialet.

Sunnmøringar gjorde også teneste som mannskap på skuter frå andre delar av landet som utførte oppdrag på Grønland. Johan P. K. Olsen førte i 1952 ishavsskuta "Tottan" av Tønsberg på ein ekspedisjon til Grønland for britiske oppdragsgjevarar. Olsen sjølv hadde då passert 70 år. Før "Tottan" forlet London, var dronning Elizabeth II om bord i skuta og helste Olsen og ekspedisjonen vel av garde. Bilete av dronninga i det ho helste på Olsen gjekk runden i både britisk og norsk presse.

Avvikling av den norske verksemda på Nordaust-Grønland

Myggbukta radio

I 1950-åra var ikkje radioutstyret i Myggbukta lenger tipptopp moderne. Ein av telegrafistane der vinteren 1957-58, Odd Raftevold frå Hornindal, karakteriserte utstyret som "ikkje lenger førsteklasses". Observasjonane frå Myggbukta fekk stadig mindre å seie for vervarslinga. Radiostasjonen i Myggbukta gjekk i slutten av 1950-åra mot nedlegging.

Flaggfiringa

Myggbukta meteorologiske stasjon og radio vart nedlagt i 1959. Det norske flagget vart firt for godt i Myggbukta i august det året. Avløysingsfartøy det siste året var "Polarsel" av Hareid, med Ottar M. Brandal som skipper og Søren Richter frå Norsk Polarinstitutt som ekspedisjonsleiar. Det var Richter som utførte den symboltunge flaggfiringa. Richter var sjølv med på okkupasjonen av Eirik Raudes Land ved den vidgjetne flaggheisinga same

staden i 1931. Med flaggfiringa i Myggbukta i 1959 var det slutt på all offisiell norsk aktivitet på Nordaust-Grønland.

Avtaleverket

Den norske aktiviteten på Nordaust-Grønland var omgjeven av strid og spenning. Dette kulminerte med okkupasjonen i 1931 og dommen i Haag i 1933. Den norske aktiviteten var regulert av Austgrønlandsavtalen av 1924 mellom Noreg og Danmark. Avtalen var uoppseieleg den første tjueårsperioden, med forlenging med nye tjue år dersom ingen av partane nytta høvet til å seie opp avtalen minst to år før utgangen av tjueårsperioden. I avtalen var også ein klausul om at bruksretten i området gjekk tapt dersom det gjekk fem år utan at rettshavaren gjorde bruk av retten sin.

På grunn av andre verdskrig vart ikkje avtalen reforhandla før 1947, slik at avtalen gjaldt til 1967. I 1965 varsla Danmark oppseiing avtalen med verknad frå 1967.

”Polaric”-ekspedisjonen i 1964

Arbeidarpartiet hadde allereie i 1930-åra lite til overs for det som vart kalla ”norsk ishavsimperialisme”. Først i 1960-åra sat Arbeidarpartiet med regjeringsmakta og hadde alle forviklingane i samband med Kings Bay-saka å stri med. På statleg hald var det derfor lita interesse for halde oppe fleire kontroversielle forhold i Arktis. Derfor var det på statleg hald heller ikkje særleg stemning for å bruke pengar på tiltak for å oppretthalde norske rettar på Nordaust-Grønland.

Blant sunnmøringar som på ulike måtar var engasjerte i spørsmålet om å sikre bruksretten til dei tradisjonelle norske fangstområda på Nordaust-Grønland var det sterkt misnøye med dei statlege styresmaktene, som viste lite interesse for saka. Ein av dei som gremdest var grønlandsveteranen Jonas Karlsbak. Han skal ha tilbode seg å overvintre på Nordaust-Grønland på nytt – rundt 66 år gammal - for å kunne dokumentere norsk aktivitet i området og dermed prøve å sikre bruksretten i samsvar med femårsfristen. På sentralt hald vart det ikkje reagert på tilbodet, og ei slik overvintring vart det ikkje noko av.

*Hytta på Kapp
Herschell 1964.
Harald Knutsen,
Kristian
Ytreland, Bjarne
Liavåg (bak),
Hermann
Andresen, Per
Liavåg
Johannes Mur,
Andreas
Sundgot.*



Men for å prøve å sikre bruksretten organiserte private interessantar ein ekspedisjon til Nordaust-Grønland sommaren 1964. Ekspedisjonen drog med ishavsskuta ”Polaric” av Brandal. Ekspedisjonensleiar var grønlandsveteranen Hermann Andresen. Ekspedisjonen hadde eit nokså spontant preg. Andresen sjølv stod sentralt i dei private kreftene som stod bak ekspedisjonen. Blant desse var også ishavsreiar Peter Karlsen, som stilte ”Polaric” til disposisjon.

Skipper på "Polaric" var Olav Aasmo. Han hadde med seg skipper Johannes M. Brandal som styrmann. I mannskapet på "Polaric" var også Harald Knutsen og brørne Edvin, Bjarne og Per Arne Liavåg. Dei sistnemnde var borneborn til Severin Liavåg, som leidde den første overvintringsekspedisjonen til Nordaust-Grønland frå Sunnmøre med "Floren" i 1908-09.

Ein annan som deltok i ekspedisjonen var Kristian Ytreland. Han fiska sjørøye i Zackenberg dette året, - på same måte som han gjorde i same elva gjennom ei rekkje sommarekspedisjonar frå 1947 av. Ekspedisjonen møtte vanskelege isforhold, men besøkte fleire norske hovudstasjonar.

For å dokumentere norsk nærvær og aktivitet vart det sett opp oppslag på dei besøkte stasjonane med opplysning om dato for besøk og orientering om nødvendig vedlikehaldsarbeid som vart utført.

"Polaric"-ekspedisjonen i 1964 vart den siste norske fangstekspedisjon til Nordaust-Grønland. Femårsfristen i Austgrønlandsavtalen vart overhalden. Men norske statlege styresmakter synte lite interesse for å fornye avtalen. Danmark nytta seg av ein annan artikkel i avtalen til å seie opp avtalen. Etter 1967 har ikkje Noreg nokon rettar på Nordaust-Grønland.

Nokre ekspedisjonar og cruise med innslag frå Sunnmøre som gjesta Nordaust-Grønland etter 1964

Vi nemner her nokre kjende ferder til Nordaust-Grønland som hadde sterke innslag frå Sunnmøre:

1977 "Santho" (ombygd snurpedorry), skipper Ragnar Thorseth.

"Santho" forliste i isen utanfor Liverpoolkysten.

1990 "Havella", skipper Ragnar Thorseth.

Blant dei som var med på turen var Jona Torske og Turid Karlsbakk, begge døtre av Jonas Karlsbak. Blant deltakarane var også styrar Henrik Landmark ved Ishavsmuseet Aarvak i Brandal. På turen vart det søkt etter vraket av "Hird" på nordsida av Store Finsch og etter grava til Knut O. Brandal ved Hoelsbu i Moskusoksefjorden.

1991 "Polarstar", fangstskuta tilhøyrande Karlsen-reiarlaget i Brandal, skipper Johan Holstad. Med på turen var m. a. ishavsreiar Else Karlsen, forskar i polarhistorie Susan Barr og fangstmann Magne Råum, tidlegare overvintrar på Kap Humboldt. Skuta kom frå Svalbard med turistar og gjekk om Nordaust-Grønland for å markere 60-årsminnet for flaggheisinga og annekteringa i Myggbukta i 1931.

2002 "Polar Star", cruiseskip/ombygd isbrytar, tilhøyrande Karlsen-reiarlaget (Brandal/Halifax) på cruise med turistar i farvatna ved Nordaust-Grønland.

Gjennom åra har det truleg vore langt fleire slike ferder enn dei vi har oversikt over.

Restaurering av fangststasjonane

Nordøstgrønlandske Fangstkompani Nanok A/S var opphavleg ein dansk parallell til det kommersielle norske selskapet Arktisk Næringsdrift A/S. Etter at det vart slutt på fangsten i området, gjekk selskapet gjennom ei endring av namn, selskapsform og målsetjing. Etter det framstod selskapet som ein ideell og nonprofit-prega organisasjon med namnet

Nordøstgrønlandsk Kompagni Nanok. Eitt av organisasjonen sine formål er å verne og vedlikehalde gamle fangststasjonar, både danske og norske. Arbeidet blir utført gratis av folk som arbeider på frivillig basis. Sidan 1991 har Nanok regelmessig sendt ekspedisjonar til området for å utføre vedlikehaldsarbeid. Til no har Nanok restaurert i alt 14 hovudstasjonar. Åtte av desse stasjonane er norske. I tillegg er fire bistasjonar restaurerte. Dei er alle norske.

Tre av dei restaurerte hovudstasjonane vart opphavleg bygde av sunnmøringar. Kap Petersens, som vart bygd i 1930 av Møre Grønlands-ekspedisjon, vart restaurert av folk frå Nanok i 1998. Antartichavn, som vart bygd av same ekspedisjonen same året, vart restaurert i 2001. Kap Herschell, som vart bygd i 1927 av "Hird"ekspedisjonen, vart restaurert i 2002.

Det er vel få stader kulturytringar i form av bygningar har så smålåte omfang og ein så overveldande villmarksnatur som bakteppe som akkurat på Nordaust-Grønland. Dette forholdet mellom natur og kultur fortel ein del om det slit og dei risiki som dei tok på seg, dei som let seg fryse inne bak drivisen for å overvintre og fangste.

Då dei smålåtne hyttene vart ståande utan folk og utan vedlikehald, vart forholdet mellom kultur og natur eit nokså "rått parti". Naturen hadde gode kort på si side då den, etter som åra gjekk, gradvis gjenerobra det vesle av kultur som hadde vorte bygt opp på fangststasjonane. Stasjonshusa stod stadig meir til forfalls. Heldigvis har ikkje alle late naturen få styre dette forholdet heilt på eigne vilkår. Nanok har gjort, og gjer stadig, eit viktig og verdfullt arbeid i teneste for kulturminnevernet. Dei arbeidslaga som Nanok har i sving er oftast sanmansette av både danskar og nordmenn. Blant nordmennene som har delteke i dette arbeidet finn ein også eit par personar med sunnmørsk bakgrunn. Dei er Ivar Ytreland og sonen hans, Knut Ytreland. Ivar Ytreland har også frå tid til anna skrive artiklar i Isflaket.

Restaureringa av Antartichavn skulle vise seg å vere nokså forgjeves. Det gamle stasjonshuset hadde stått på same stad i meir enn 70 år då restaureringa vart gjennomført i 2001. Men i løpet av første vinteren etter restaureringa – vinteren 2001-02 – vart det nyrestaurerte stasjonshuset knust av eit stort snøras. Eit snøras av slikt omfang er tidlegare ukjent på denne staden. Eit slikt ras er eit fenomen som mange vil setje i samband med klimaendringar.

Sluttord

Folk frå mange landsdelar i Noreg har gjennom det meste av 1900-talet gjort seg gjeldande i den norske aktiviteten på Nordaust-Grønland. Sunnmøringar var blant både dei første og dei siste som var i aktivitet i området. Alt i alt er kanskje Sunnmøre den landsdelen i Noreg som har sett sterkast preg på Nordaust-Grønland og vist størst aktivitet der.

Nokre personnamn og geografiske namn har fått litt ulike stavemåtar i ein del ulike framstillingar. Her har vi prøvd å halde oss til dei stavemåtane som er brukte i Peter Schmidt Mikkelsen si bok.

Denne oversikten gjev seg ikkje ut for å vere fullstendig. Dersom lesarane har rettingar og/eller suppleringar, er redaksjonen takksam for slike opplysningar.



Isfjellet på Brandal.

Heilt sidan "Aarvak" vart satt på land i dokk ved Ishavsmuseet har det blitt jobba med eit vernebygg for skuta for å kunne bevare den vidare til neste generasjonar på ein fullgod måte. Ein har heile tida vore klar over at dette måtte kome, og fortast mulig. Forfallet på skuta har vore mykje større etter at skuta kom på land.

Styret i Ishavsmuseet har utarbeidd fleire forslag til vernebygg. Nokre av dei har tidlegare blitt presentert i media og fått tilnamnet "Aarvak-katedralen". Men etter møte med Hareid kommune og uttalar frå Fylkeskommunen vart vi samde om å gå ei runde til med nye arkitektar for å utarbeide fleire forslag.

Dette har dessverre tatt lang tid men vi har no fått inn fleire flotte forslag til vernebygg over skuta der både størrelse, utsjånad og pris har variert mykje. Det har heile tida vore eit stort ønske at huset måtte byggast over mastene, det måtte vere eit tett bygg, minst mulig dominerande i terrenget, og mykje glas for innsyn, og naturlegvis rimelegast mogleg for å kunne klare finansieringa.

Utifrå dette har styret i Ishavsmuseet no valt eit bygg som er teikna av John Moldskred i Lorgen Prosjektering. Bygget er forma som eit isfjell og skulle gå godt inn i omgivingane rundt museet. Bygget vil bli eit landemerke og ein attraksjon i seg sjølv og ingenting er vel meir naturleg for ei ishavsskute enn å bli innebygd i eit isfjell? For å kunne kome til ein prislapp vi meiner vi kan få finansiert vart bygget lavare enn først planlagt og mastene vil gå gjennom taket. Styret jobbar no med å få godkjent bygget og finansiert det hurtigast mulig.



Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

Museumsnytt.

Stiftinga Ishavsmuseet Aarvak hadde årsmøte på Ishavsmuseet 30. april. Etter valet har Ishavsmuseet fått eit styre som er slik samansatt:

Else Karlsen, styreleiar, - Johannes Bjarne Alme, nestleiar, - Reidar Hareide, skrivar valt av Hareid Historielag, Reidulf Frøysa valt av Hareid Pensjonistlag, Kjell Skorgevik valt av Møre & Romsdal Fylkeskommune, Kåre M. Pilskog valt av Hareid kommune og Ole Christen Røren. 1. vara til styret er Andreas Ringstad. Styrar for stiftinga er Webjørn Landmark.

Ishavsmuseet har opna dørene for ny sesong, og er no ope alle dagar frå kl. 1200 – 1700. Også i år har vi med oss velvillige bygdefolk som stiller opp kvar søndag og kokar kaffi og ”polarvaflar”. Ta turen til Ishavsmuseet du også og få deg ei ekte ”polarvaffel” på ”søndagskafeen”. Mykje bygdefolk nyttar seg av dette.

Nord Berg har hatt arbeidet med å stelle til uteområdet mot sjøen mellom bua og ”Aarvak”. Resultatet vart verkeleg flott og dette har blitt ein fin ute plass.

I perioden 25. juni til 20. august vil Ishavsmuseet vere plassen for alle med interesse for eldre lokale foto. Då vil det i samarbeid med Hareid Historielag bli ei stor foto utstilling i konferanseromet på museet.

Så langt i år har vi hatt bra tilsig med besøkande. Ishavsmuseet har blitt ein populær plass for feiring av åremålsdagar, konfirmasjonar, bryllaup, bedriftsturar og lignende. Har du planar om noko slikt? Kontakt oss for tilbod på leige og servering. Besøk oss også på www.ishavsmuseet.no

Elles minner vi om at det er mogleg å vere med på dugnad på museet kvar tysdag og torsdag.

ISFLAKET er denne gong utgitt med støtte frå:

